



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	16/2929-51	28.11.2016

Pilotprosjekt Vestlandet - bedre koordinering av statlege og regionale verkemiddel

Eg viser til motteke brev frå fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane datert 11. november 2016 om utvikling av pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel i ein ny Vestlandsregion.

I Meld. St. 22 (2015–2016) *Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver* peikar eg på høvet som fylkeskommunane har til å søke om pilot/forsøk som reiskap for utvikling av forvaltninga. Dersom ein pilot omfattar ansvar forankra i lov eller forskrift, vil den bli omfatta av forsøkslova, som har særskilde kriterie som må oppfyllest. Ein pilot eller forsøk med føremål å hauste erfaringar med korleis nye og større folkevalde regionar kan bli styrka i rollen som samfunnsutviklar, vil og vere av interesse og nytte for staten.

Dersom Vestlandsregionen set i gang ein prosess med å vidareutvikle ei skisse til pilotprosjekt Vestlandet, vil Kommunal- og moderniseringsdepartementet vere positiv til dialog med fylkeskommunane for å konkretisere kva ein forstudie og ev. pilot kan gå ut på. Eg vil då invitere dykk til eit møte for å drøfte korleis ein pilot kan innrettast og korleis prosessen kan leggjast opp. Dette krev imidlertid vedtak om samanslåing nå i desember.

Eg vil understreke at dette ikkje inneber ei godkjenning på førehand av eit pilotprosjekt. Vi legg til grunn at fylkeskommunane sjølv leiar arbeidet og sjølv konkluderar i forstudien. Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil på si side oppfordre regional statsforvaltning som evt. blir berørt, til å bidra med fagleg informasjon og vurderinger til fylkeskommunane sitt arbeid med forstudien. Departementet bør undervegs i forstudien difor vere informert, slik at vi kan bidra til konstruktiv oppfølging frå staten si side.

Eg vil samstundes understreke at fylkeskommunane etter endt forstudie vil måtte søkje om gjennomføring av pilot/prøveordning/forsøk dersom det inneber unntak frå gjeldande lover og

forskrifter eller anna formell endring i ansvar og myndigheit mellom staten og fylkeskommunane.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Jan Tore Sanner', written in a cursive style.

Jan Tore Sanner